

**ÅRSMELDING
FOR
VILLREINUTVALET FOR NORDFJELLA
2008**

Årsmøte for 2007 vart halde på Myrland Turist og servicesenter i Hol.
Det møtte 24 medlemmar. I tillegg var det 5 frå villreinnemnda, sekreter og oppsynsleiar.

Styret har i 2008 vore:

Hemsedal	Runar O. S. Bjøberg	Grl. rep	Torgunn Huso (ny)	Fjellst. rep.
Ål	Oddvar Stave	”	Sigmund Tveitehagen	”
Hol	Karsten N. Fossly (ny)	”	Kjartan Eide-Fredriksen	”
Aurland	Terje Terum (ny)	”	Per Dale	”
Lærdal	Lars Nesse	”	Frantz Henriksen (ny)	”
Ulvik	Jørgen Hallanger	”	Kjell Røkenes (ny)	”

Leiar: Lars Nesse, Lærdal.

N. leiar: Sigmund Tveitehagen, Ål.
valt på årsmøte i 2008.

Kasserar: Kjartan Eide-Fredriksen

Sekretær: Aurland Fjellstyre v/ Harald Skjerdal.

Aktivitet/ møte

Det er halde 3 styremøte og bokført 37 saker. I tillegg har ein delteke på det ordinære møtet med kommunane ang. felles kommunedelplan.

Ny driftsplan for perioden 2008 – 2011 vart vedteken på årsmøte i 2008.

2008 har vore eit år med stor aktivitet. Merkeprosjektet (fleire møte og ein del arbeid), synfaring i Lærdal i forbindelse med planar for auka kraftutbygging/ regulering.

Styret hatt fleire saker til uttale frå kommunane: arealsaker, byggesøknader, reguleringsplanar.

Utviklinga i villreinstamma.

Ein har dette året fått gjennomført dei obligatoriske teljingane som driftsplanen legg opp til. Kalveteljinga vart utført i juli. Denne vart i år utført med ein annan metode som gjer at ein får ut fleire data. Flokkane vart filma med videokamera og sidan talt opp. Ein fekk her bl.a tal på kor mykje gjeldsimler det er. Det vart opptalt 1483 dyr, av dette 454 kalv. Kalvetilveksten var noko større enn i 2008.

Strukturteljinga vart som tidlegare utført etter jakta. Her fann ein 1256 dyr. Det er litt nedgang på bukk og simle og auke på kalv samanlikna med 2007.

Minimumsteljinga vart gjennomført 13 februar 09. Etter teljinga hadde ein 2048 dyr som er ein auke på 138 dyr frå i fjor.

Rapportane over teljingane ligg i heftet.

Merkeprosjektet.

I mars 2007 vart 8 dyr i Nordfjella merka med GPS/GSM sendar. 5 sendarar gjev framleis signal, 3 er ute. I februar 2009 er det merka 6 nye dyr, 4 i sone I og 2 i sone II.

Dyra som trekte over Rv 50 ved juletider i 2007 er framleis på nordsida. Det dyret som var att i sone 2 slutta å sende signal ei tid før jul. I midten av juli 2008 var det meste av dyra i sone II ei god veke på sørsida av Bergensbana/Rallarvegen, dvs. utanfor vårt villreinområde.

Flokkane kom nordover att over Finsetunnellen, same vegen som dei reiste.

Arbeidet med beitekartet/ vegetasjonskart er godt i gang. Her er metodikken noko forandra etter det ein hadde lagt opp til.

I januar 2009 var det valt ei styringsgruppe for prosjektet. Her er det representantar frå mange ulike hald i tillegg til villreinforvaltninga.

Jakt 2008

Etter minimumsteljinga var forslaget til kvote for 2008 sett til 650 dyr med ei fordeling på 40% frie, 30% S/U og 30% kalv, same kvote og fordeling som dei 2 siste åra.

Dette vedtok også Villreinnemnda.

Jaktida var 20/8 – 20/9.

Det vart før jakta justeringar i avtalen med Filefjell Reinlag ang. felling av merka rein.

Av kvoten på 650 dyr vart det felt 368 dyr, 56,6% mot 38,9% % i 2007.

Det beste resultatet ein nokon gong har hatt.

Under jakta var det ca. 800 dyr sør for Rv 50. Det vart i år felt fleire dyr så langt aust som i Havsdalen ved Geilo. Det er mange år sidan det har vore villrein i desse områda.

I sone I var mestedelen av dyra i starten i austre deler. Jegerane i Ål hadde i år ei svært god jakt samanlikna med dei siste åra.

Villreinutvalet gjekk inn for den generelle samjaktavtalen.

Fjellstyra inngjekk ein samjaktavtale som gjekk noko vidare enn den som har vore tidlegare, og dei private jaktfelte som ville fekk anledning til å bli med. Interesse for denne vart god sjølv om denne vart underskriven kort tid før jakta starta.

Avtalane vart gjort gjeldane for 2 år (2008 og 2009). I tillegg var det ein del andre avtalar. 60 dyr vart felte ved bruk av samjaktavtalar (i andre vald).

Oppsyn

Oppsynet vart i år leia av Aurland Fjellstyre v/Håkon Øydvin. 9 personar var engasjerte i oppsynet. Det vart utført 351 informasjon - kontrollar.

Det deltok også personar frå Politi og SNO.

Villreinutvalet var også i år med og organiserte oppsynet i Lærdal/ Årdal. Alle utgiftene her vart dekt etter rekning.

Godtgjersle til oppsynspersonell var kr. 550,- i lønn og kr 300,- i diett/ nattillegg. pr døgn. Oppsynet hadde også i år meldeplikt til Oppsynssentralen på Skinnarbu.

Villreinutvalet fekk kr. 35000,- i tilskot til oppsyn frå DN.

Det var i 2008 eit oppsynstilskot på 1 øre/ da frå private og 2 øre/ da frå fjellstyra.

Økonomi

Budsjettet for 2008 vart vedteke på årsmøtet med eit underskot på kr. 69435,-.

Årsresultatet i rekneskapen vart + kr. 3482,27.

Offentlege tilskot for 2008 var på kr. 90155,-.

Medlemskontingenten og godtgjersle til leiar og kasserar vart vedteke uendra frå 2007.

Medlemskontingent 1 øre/da, leiar kr 10000,- og kasserar kr 4000,-.

Villreirutvalet gjev kr. 550,- i møtegodtgjersle pr. møte til styremedlemmane.

Alle resultat frå teljingar, kvotar, felling og oppsyn vert utlagt på www.villrein.no etter kvart som dei er ferdige. Her kan dei som har interesse for det gå inn og følgje med.

Til slutt vil styret rette ei stor takk til dei som har vore med i oppsynet og alle andre som har delteke i arbeidet.

Styret.